

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 3/2011

Møtedato: 1.2.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

S813, Nøsen -søknad om skåle/kokehus

Knut Grefsrud søker om å få erstatte skåle/kokehus med eit bygg som tidlegare sto på S809 på Buøddin. Det gamle bygget skal rivast. Arealet på det nye bygget er ca 20 m² (BRA). Eksisterande bygg er på 26 m² og er eit kombinert bygg med funksjon som skåle og kokehus. Grefsrud søker om å få erstatte dette med eit mindre bygg, men vil ha dei same funksjonane som før. Fjellstyret og Statskog såg på saka under befaring i 2008.

Hustype	SumAreal
Annet	
Uthus/skåle	26
Fjøs	74
Seterbu	77
Fjøs	6

Stølen er å rekne som i bruk etter stølsforskrifta og søknaden skal behandlast etter § 10 der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skriv følgjande i brev datert 31.1.11:

Ettersom driftsformen på stølen ikke innebærer mjølkeproduksjon, og det av søknaden heller ikke fremkommer at det foreligger planer om mjølkeproduksjon på stølen, foreligger det ikke et behov for kokehus på stølen. Bygget må derfor vurderes som et vanlig uthus/skåle.

Forutsatt at kioskbrygget har en utforming forenlig med lokale byggeskikker i støslaget har vi ikke innvendinger til at bygget kan godkjennes som nytt uthus/skåle til stølen. Det bør imidlertid stilles krav om at resterende deler av tidligere uthus fjernes i samsvar med opplysningsene gitt i søknaden.

Fjellstyret har hatt praksis med at stølsbrukarane får lov til å erstatte eksisterande bygg med eit nytt med same funksjon. Ut frå stølsregisteret går det ikkje fram at det gamle huset har hatt funksjon som kokehus, då dette ikkje ligg inne system for registrering. Om Statskog ikkje har notert dette frå befaringa i 2008, kan dette vera grunn til uttale frå Statskog.

Vedtak:

Etter § 10 i stølsforskrifta godkjenner fjellstyret søknaden om kombinert bygg skåle og kokehus. Vilkår for godkjenning av søknaden er at det gamle bygget blir fjerna innan 1.9.2011.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal vera skriftleg og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av vedtaket.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.2.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Grefsrud
Statskog
Vestre Slidre kommune